Norsk 1

30 studiepoeng
Godkjent etter vedtak i Avdelingsstyret 27. mai 2003.
Siste revisjon godkjent av dekan 15. mai 2005 på fullmakt fra Avdelingsstyret.

Innleiing

Fagplanen byggjer på rammeplan for allmennlærerutdanningen av 2003.

Språk er grunnleggjande for tenking, forståing, oppleving og kommunikasjon. Dette gjer norskfaget til eit sentralt fag i skole og lærarutdanning. Norsk er eit kunnskaps- og danningsfag, eit estetisk fag og eit reiskapsfag. Kunnskap om språk og tekstar, fagdidaktisk refleksjon og eit fleirkulturelt perspektiv er viktige dimensjonar i faget.

Studentane møter kulturarven og moderne tekstar i form av skjønnlitteratur og sakprosa, og dei vert utfordra til å drøfte og reflektere omkring identitet og fellesskap, etikk og verdiformidling.

Formålet med norskfaget er å gi studentane høve til å utvikle eit fagleg og didaktisk grunnlag for norskopplæring i grunnskolen. Arbeidet med norskfaget skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studentane sitt eige arbeid med språk og tekstar og didaktisk refleksjon. Der det er naturleg, kan studentane ta del i utviklingsarbeidet til lærarane.

Studentar med anna morsmål enn norsk vil i samsvar med rammeplanen få høve til å følgje norskplan med forsterka fleirspråkleg profil.

Mål

Fagleg og didaktisk kunnskap
Studentane skal

- ha kunnskap om språk og litteratur og kunne bruke denne kunnskapen i arbeidet som lærarar
- ha skriftleg og munnleg uttrykksevne slik at dei kan verte inspiratorar og gode føredøme for elevane
- beherske formverket og kunne skrive nynorsk og bokmål
- ha kunnskap om og kunne utvikle samansette tekstar
- ha kunnskap om fleirspråklegheit, kunne sjå norsk i eit samanliknande perspektiv og kunne leggje til rette undervisning for minoritetsspråklige elever
- kjenne til ulike tilnærmingsmåtar til norskopplæring og kunne reflektere over ulike læreplanar i ein historisk dimensjon
- ha innsikt i teoriar om lese- og skriveprosessen og kunne arbeide systematisk med førebuande, grunnleggjande og vidareutviklande lese- og skriveopplæring
- ha kunnskap om kommunikasjon i ulike medium
- ha kunnskap om ulike typer læremiddel og kunne bruke IKT
- kunne reflektere over og vurdere ulike prøveformer og utvikle rolla som rettleiar
- kunne leggje til rette for fleirfaglege og tverrfaglege arbeid

Innhald

Fagemne
Første studieår:

- munnleg språkutvikling og språklæring: fonologi og morfologi
- prosessorientert skriving og skrivemappe

- skriftkompetanse i nynorsk
- barne- og ungdomslitteratur: rim og regler, romanar, noveller og forteljingar
- samansette tekstar, biletbøker, skjermtekstar, e-post og nettsida som sjanger
- norrøne mytar
- eventyr (nordiske, samiske og ikkje-nordiske)
- munnleg forteljing
- skriftspråkutvikling, elevtekstanalyse (med vekt på forteljing) og vurdering av elevtekst
- lese- og skrivevanskar (berre for kull A 05)
- IKT som reiskap i norskfaget, deriblant bruk av digitale mapper i skriveprosessar, elektronisk respons på tekstar

Andre studieår:
- retorikk og munnleg norsk
- skjønnlitteratur: lyrikk, romanar, noveller og drama
- grammatisk kunnskap: ordklassar, setningar og setningsanalyse
- språkhistorie, talemål og sidemålsdidaktikk
- sakprosa med vekt på læreboktekstar
- vurdering av elevars sakprosatekstar med og utan karakter
- språk og litteratur i eit fleirspråkleg perspektiv
- filmatiserte og dramatiserte tekstar
- lese- og skrivevanskar (berre for kull A 04)

Organisering og arbeidsmåtar

I norskfaget er det varierte arbeidsmåtar og aktivitetar.
Praksisgruppa er sentral, også utanom praksisperiodane. Studentane får òg høve til å setje saman grupper etter eigne val. Individuelt arbeid i form av sjølvstudium og oppgåveløysing vekslar med gruppearbeid, arbeid i plenum, osv.

IKT i norskfaget
IKT er integrert som eige emne og som reiskap i norskfaget, til dømes som bruk av enkel og avansert tekstbehandling, produksjon av digitale mapper og eigen nettstad, litteratursøk, kildekritikk og bruk av elektroniske læremiddel. IKT går over både første og andre studieår.
Det vert høve til å få opplæring i IKT som presentasjonsverktøy.

Fleirfagleg og fagovergripande kompetanse
I tillegg til å arbeide direkte med fagspesifikke mål, skal studentane gjennom kurset og arbeide med å nå dei generelle, fagovergripande målsetningane for allmennlærarutdanninga. Dette arbeidet vil bli organisert mellom anna gjennom fleirfaglege arbeidsoppgåver og temaperiodar. Sjå "Plan for første avdeling".

Bacheloroppgåve
I andre studieår skal studentane skrive bacheloroppgåve. Oppgåva skal nytte tidlegare arbeid som eit grunnlag. Alle arbeid i norsk, eller der norsk inngår saman med andre fag, kan vere aktuelle.
Studentane må sjølv ta vare på tidlegare arbeid for å kunne nytte desse vidare i bacheloroppgåva.

Praksis
Studentane skal i praksis få
- øving i å observere elevar med vekt på språk og læring
- trening og erfaring med planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisningsopplegg
- trening og erfaring med å leggje til rette undervisning for alle elevar, også for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn
- erfaring med undervisning i sidemål eller sidemålsrelaterte emne
- høve til didaktisk refleksjon og samtalar om norskfagleg og sosial aktivitet i klasserommet

Vurdering

Generelt
Vurderingane gjeld dei arbeida som studentane er pålagde å gjere. Vurderinga tar sikte på å øve opp studentane si evne til å reflektere over praktiske og teoretiske tilnærmingsmåtar til faget. Studentane skal lære å analysere, vurdere og formulere faglege og metodiske problemstillingar. I studiet lærer studentane å evaluere arbeida til kvarandre og eigne arbeid og prestasjonar. Dei vert oppmuntra til å drøfte vurderingskriterium og premissar for responsarbeid.

Arbeidskrav
Retten til å gå opp til eksamen føreset godkjende arbeidskrav. Arbeidskrav som ikkje er leverte/utførte innan fastsett frist, blir ikkje godkjende, og studenten mistar retten til å gå opp til eksamen. Studentane er sjølv ansvarlege for å halde seg informerte om dei gjeldande fristane. Ved sjukdom eller liknande må studenten, innan fristen for innlevering av arbeidskravet, gjere avtale med faglærar om utsett frist. Arbeidskrav som er leverte/utførte innan fristen, men som ikkje er blitt godkjende, må leverast på nytt til ny frist. Når arbeidskrav som er leverte/utførte innan fristen ikkje blir godkjende, har studenten høve til minst ein og maksimum to nye innleveringar/utføringar. Studentar som har mista retten til å gå opp til eksamen på grunn av ikkje godkjent arbeidskrav, må sjølv kontakte faglærar for avtale om ny innlevering/utføring av arbeidskravet i neste semester/studieår.

Arbeidskrav første studieår
- Ei biletbok som gruppearbeid
- Munnleg forteljing (eventyr/mytar/legendar)

Arbeidskrava i 1. studieår er knytta til retten til å gå opp til eksamenen Digital vurderingsmappe.

Eksamen første studieår
1. semester
- Oppgåve i samband med det fleirfaglege temaet skolestart, 3 studiepoeng i norsk.
  Målform: bokmål. Vurdering: Bestått/ikkje bestått
- Halvårsoppgåve i norsk og pedagogikk, 5 studiepoeng i norsk.
  Målform: bokmål. Vurdering: Bestått/ikkje bestått.

2. semester
- Digital vurderingsmappe: Første studieår skriv studentane minst fem tekstar knytt til fagemna i norsk. Målform: nynorsk. Desse tekstane skal liggje i den elektroniske arbeidsmappa, og det blir gitt tilbakemelding på tekstane frå lærar og/eller medstudentar. Tilbakemeldinga frå medstudentar skal gjennomførast med "spor endringar" i tekstbehandlar. Studentane vel sjølv ut tre av desse tekstane til skrivemappa og grunngir dette valet i ein refleksjonstekst. Refleksjonsteksten utgjer saman med dei tre valde tekstane den digitale vurderingsmappa i norsk som skal leverast inn til vurdering for gradert karakter. Tekstane er i ulike sjangrar. Det vert nytta ekstern sensor på alle eller eit uttrekk av eksamenane. Vurdering: gradert karakter, 7 studiepoeng.

Eksamen andre studieår
3. semester
- Skriftleg eksamen i norsk i haustsemesteret.
  Målform: Studentane i A 05 skal skrive på bokmål. Studentane i A04 skal bruke begge målformene. Det vil framgå av oppgåveteksten kva for ein del som skal skrivast på nynorsk, og kva for ein del som skal skrivast på bokmål.
  Vurdering: gradert karakter, 7 studiepoeng.

4. semester

- Innlevering av bacheloroppgåve som til saman gir 15 studiepoeng. Oppgåva skal byggje på arbeid frå 1. og 2. studieår i norsk, pedagogikk, matematikk og KRL. Kvart av desse faga gir frå seg eitt studiepoeng til arbeid med oppgåva dette semesteret. Vurdering: Bestått/ikkje bestått
- Munnleg individuell eksamen i vårsemesteret. Det vert nytta ekstern sensor på alle eller eit uttrekk av eksamenane. Vurdering: Gradert karakter, 7 studiepoeng

Endeleg vurdering i faget

Samla karakter i faget blir sett ut i frå karakterane på vurderingsmappa, skriftleg eksamen og munnleg eksamen. Karakteren blir vekta etter studiepoeng.

Karakterskala

Ved gradert karakter blir det gitt bokstavkarakterar med A som beste og E som dårlegaste karakter på bestått eksamen. Karakteren F blir brukt ved ikkje bestått eksamen.

Ved ikkje gradert karakter blir det gitt bestått - ikkje bestått.

Vurderingskriterium

Graderte karakterar med forklaringar

Symbol	Nemning	Kvalitativ forklaring for eksamen
A	Framifrå	Arbeidet er ein framifrå prestasjon som klart skil seg ut. Det vitnar om særs god fagkunnskap, stor grad av sjølvstendig tenking og har særs godt språk.
B	Mykje godt	Arbeidet er ein mykje god prestasjon som ligg over gjennomsnittet. Det vitnar om mykje god fagkunnskap, sjølvstendig tenking og har mykje godt språk.
C	Godt	Arbeidet er ein gjennomsnittleg prestasjon som har innslag av sjølvstendig tenking og er tilfredsstillande når det gjeld fagkunnskap og språk.
D	Nokså godt	Arbeidet er ein prestasjon under gjennomsnittet med manglar i fagkunnskap og/eller språk.
E	Godt nok	Arbeidet har store manglar i fagkunnskap og/eller språk, men tilfredsstiller minimumskrava.
F	Ikkje godkjent	Arbeidet tilfredsstiller ikkje minimumskrava til fagkunnskap og/eller språk.

Vurdering bestått/ikkje bestått

Bestått	Kandidaten har vist fagkunnskap og evne til formidling som tilfredsstiller det som vert kravd for å kunne praktisere som lærar i norsk.
Ikkje bestått	Kandidaten har ikkje vist fagkunnskap eller evne til formidling som tilfredsstiller det som vert kravd for å kunne praktisere som lærar i norsk.

Ny/utsett eksamen

Ved stryk eller gyldig forfall til eksamen, har studenten høve til å gå opp til ny/utsett prøve i neste semester/studieår. Prøva blir arrangert som ved ordinær eksamen. Studenten er sjølv ansvarleg for å melde seg opp innan fristen.

Skikkavurdering

Arbeid og innsats i faget blir vurdert i forhold til "Forskrift om skikkethetsvurdering":
"Skikkethetsvurderingen skal inngå som en helhetsvurdering av studentenes faglige, pedagogiske og personlige forutsetninger for å kunne fungere som lærer."
(jf. forskrift om skikkethetsvurdering i lærerutdanningene, UFD 1999).

Pensum

Pensum for første og andre studieår

Øvingsbok i nynorsk
Almenningen, Bjørkvold og Søyland (1998): Den *beste boka i nynorsk for lærarstudentar,* Samlaget.

Planar og rettleiinger:
Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen
L97 Norsk som andrespråk for språklige minoriteter
Rettleiing L97 L97S, Elevvurdering NLS 1999
Rettleiing L97 Tospråklig opplæring for språklige minoriteter i grunnskolen

Pensum for første studieår

Tekstpensum
Barne- og ungdomslitteratur, norske og nordiske
Sju av desse bøkene, minst to på nynorsk:

Aanrud, Hans: *Sidsel Sidsærk*
Belsvik, Rune: *Verdas mest forelska par*
Haugen, Thormod: *Luftvandreren*
Hovland, Ragnar: *Ein motorsykkel i natta*
Kaaberbøl, Lene: *Skammarens dotter*
Lindgren, Astrid*: Bröderna Lejonhjärta* eller *Mio, min Mio*
Hopp, Zinken: *Trollkrittet*
Pohl, Peter: *Janne, min vän*
Gaarder, Jostein: *I et speil, i en gåte*
Newth, Mette: *Bortførelsen*
Ruset, Arne: *Hippie*

Ei fritt valt barne- eller ungdomsbok frå dei siste tre åra

Ei samling forteljingar for barn/ungdom tilsvarande eitt verk
Desse vert samla i kompendiet *Forteljingar for barn og unge*:

Christensen, Lars Saabye: "Første etasje til høyre"
Eva Jensen: "Firkløver, firkløver!"
Hansen, Maurits: "Lille Alvilde"
Hovland, Ragnar: "Ein sykkel på havsens botn"
Krasilnikoff: "Et vintereventyr"
Lagerlöf, Selma: "Den heliga natten"
Lindgren, Astrid: "Spiller min lind, synger min nattergal"
Moe, Jørgen: "Dukken under nypetornbusken"
Moe, Jørgen: "Gamle Hans grenader"
Sivle, Per: "Berre ein hund"
Zwilgmeyer, Dicken: "Margrethe Kind"
Fosse, Jon: "Caps"

Biletbøker: fire biletbøker for barn og vaksne

Rim, regler og dikt skrivne for barn og unge: eit utval på ca. 30 dikt
Desse forfattarane skal vere representerte: André Bjerke, Thorbjørn Egner, Margrete Munthe, Alf Prøysen, Nordahl Rolfsen, Einar Økland, Marit Tusvik.

Folkeeventyr og kunsteventyr:
Seks folkeeventyr, av desse skal to vere samiske og to ikkje-europeiske.
Minst tre kunsteventyr, Regine Normann og H. C. Andersen skal vere representerte.

Norrøne mytar: minst tre av dei som er nemnde i L97

Elevtekstar: eit utval av 10 forteljingar skrivne av elevar i grunnskolen

Teoripensum
Eit utval artiklar i kompendiet *Teoritekstar i norsk*

Dysthe m. fl.:	"Jeg vet hva jeg kan bra, hva jeg kan bedre og hva jeg kan mindre bra". Forsøk med mappevurdering i norskfaget i ungdomsskolen.
Frost 1999:	Kapittel 1 (”Lesepedagogisk diskusjon”), 2 (”Lesepedagogiske runnproblemer”), 3 (”Forebygging”) frå boka *Lesepraksis - på teoretisk grunnlag*, Cappelen akademiske.
Kulbrandstad (1998):	Språkets mønstre, kapittel 4
Lund-Iversen:	"----på livets brede landevej".
Fagenhet for IKT og mediefag (2005/2006):	Elektronisk kompendium. Temaene: digitale mapper og filbehandling, responskriving, nettsider og e-post som sjanger og elektronisk bildebehandling. For A05 studenter: http://www.lu.hio.no/IT/grunnutdanning/0506/a05.htm For A04 studenter: http://www.lu.hio.no/IT/grunnutdanning/0506/a04.htm

I tillegg til tekstane i teorikompendiet kjem desse bøkene:

Askeland, Otnes, Skjelbred og Aamotsbakken (2003):	*Tekst i tale og skrift,* kapittel 8. ”Nettstedet”
Birkeland, Risa og Mjør (2000):	*Barnelitteratur – sjangrar og teksttypar,* Kapittel 1, 2, 3, 4, 5, 6, 10, 11.
Høigård (1999):	*Barns språkutvikling, skriftlig og muntlig.* Kapittel 2, 3 og 4.
Iversen, Otnes, Skarbø Solem (2004):	*Grammatikken i bruk – i tekst og klasserom*, Oslo, Cappelen Akademiske. Kapittel 5 (”Sammenhenger i tekst”) og s. 246-256 (”Fonologi”)
Kaldestad (1999):	*Diktboka*, kapittel 1, 2, 3, 4, 5, 6.
Mælum, Akselberg, Røyneland og Sandøy (2003):	*Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk.,* Cappelen Akademiske, Oslo. Sandøy: "Språkendring"
Penne (2001):	*Norsk som identitetsfag*: s.148-158, s. 217-223, s. 242-260, s. 287-324.
Senje og Skjong (2005):	*Elevfortellinger. Analyse og vurdering*, Cappelen, Oslo.

Pensum for andre studieår

Tekstpensum
Drama: eitt drama av Henrik Ibsen og eitt drama av Jon Fosse

Romanar: fire av desse romanane (i samråd med faglærar):
Borgen, Johan: *Lillelord*
Christensen, Lars Saabye: *Maskeblomstfamilien*
Hoem, Edvard: *Heimlandet Barndom*
Loe, Erlend: *Naiv Super*
Petterson, Per: *Ut og stjæle hester*

Solstad, Dag: *Genanse og verdighet*
Tunström, Göran: *Juloratoriet* eller ein annan svensk roman
Undset, Sigrid: *Kransen*
Vesaas, Tarjei: *Fuglane* eller *Is-slottet*
Ørstavik, Hanne: *Kjærlighet*

Ein nordisk roman etter eige val frå eitt av dei to siste åra

Eit litteraturutval knytt til det fleirfaglege temaet *den fleirkulturelle skolen* (åtte tekstar frå eit kompendium)

Noveller/kortprosa (kompendium):
Askildsen, Kjell: "En plutselig frigjørende tanke"
Borgen, Johan: "Av en født forbryters dagbok"
Christensen, Lars Saabye: "Jubel"
Helle, Helle: tre noveller fra *Rester*
Mykle, Agnar: "Skjenselens korinter"
Sandel, Cora: "Kunsten å myrde"
Solstad, Dag: "Nærvær"
Vesaas, Tarjei: "Vesle-Trask"

Lyrikk: 50 dikt frå eit kompendium
Desse lyrikarane skal vere representerte: Bjørnstjerne Bjørnson, Olaf Bull, Petter Dass, Nordahl Grieg, Inger Hagerup, Olav H. Hauge, Rolf Jacobsen, Georg Johannessen, Tor Jonsson, Sigbjørn Obstfelder, Jacob Sande, Per Sivle, Tarjei Vesaas, Haldis Moren Vesaas, Aasmund Olavsson Vinje, Jan Erik Vold, Johan Sebastian Welhaven, Henrik Wergeland, Johan Herman Wessel, Arnulf Øverland, Ivar Aasen.
Lyrikk frå andre nordiske land skal vere representert.

Den fleirkulturelle skolen:
Åtte litterære tekstar i eit kompendium

Filmatisering:
Filmatisering av eit skjønnlitterært verk, etter eige val.

Sakprosa:
5 læreboktekstar (kan skaffast frå praksis, til dømes)

Elevtekstar:
10 tekstar . Tekstar frå elevar som ikkje har norsk som morsmål
skal vere representerte (kan skaffast frå praksis, til dømes). Nokre døme finst også i pensumbøkene Senje og Skjong (2005) og Iversen, Otnes og Solem (2004)

Munnlege tekstar:
5 dialekttekstar frå Bjørn Vigeland *Norske dialektar* (i kap. 4 "Dialekttekstar, kort heimfesting, normalisering").

Teoripensum

Eit utval artiklar i eit kompendium:

Kaldestad og Knutsen (1995):	*Dramatikkboka – om arbeid med dramatiske tekstar i skolen*, kap 1 ("Litteraturperspektiv"). Cappelen Akademiske.
Moslet og Bjørkeng (red.) (2004):	*Norskdidaktikk - tekstnær og elevnær undervisning*. Gunnbjørn Malmo: "Mellomspråk og mellomspråksanalyse"
Penne:	"*Kort innføring i filmanalyse for norsklærere*" (manuskript, HiO)
Penne (1999):	"Nadia og retorikken" i Hertzberg og Roe, *Muntlig norsk*, Tano Aschehoug, Oslo.
Selj (1998):	"*Lesetilnærminger - utfordring i møte med episke tekster*" fra Aambø, Reidun (red.): *Litteraturmøte* (LNU-Cappelen)
Skjelbred(1999):	*Elevens tekst,* Kapittel 6 (Sakprosasjangrer)

Valvatne og Sandvig (2003):	*Barn, språk og kultur*, Cappelen Akademiske, Oslo, s. 306-313 (Morsmålets betydning, med mer.)

I tillegg til tekstane i kompendiet kjem desse bøkene:

Askeland, Otnes, Skjelbred og Aamotsbakken (2003):	*Tekst i tale og skrift,* kapittel 5 ("Retorikk i tale og skrift") og kapittel 9: ("Lærebokteksten"). Universitetsforlaget, Oslo.
Iversen, Otnes, Skarbø Solem (2004):	*Grammatikken i bruk – tekst og klasserom*, Oslo, Cappelen Akademiske. Kapittel 1(Med grammatikken som verktøy), 2 (Muntlig språk), 4 (Norsk som andrespråk), 6 (Framheving), 7 (Nyansering), 8 (Distansering), 9 (Å "kle" på en tekst), Oppslagsdel (hele, minus fonologi som er 1.klassepensum).
Mæhlum, Akselberg, Røyneland og Sandøy (2003):	*Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, Cappelen akademiske, Oslo. Røyneland: "Fleirspråklegheit" og Sandøy: "Skriftvariasjon"
Otnes og Aamotsbakken (2000):	*Tekst i tid og rom*, kapitlene 6 ("1800-talet") og 7 ("Vår eiga tid"). Samlaget, Oslo
Penne (2001):	*Norsk som identitetsfag*. s.17-49, s. 135-157, s. 260-286, Universitetsforlaget, Oslo.
Skardhamar (2001):	*Litteraturundervisning. Teori og praksis,* Universitetsforlaget, Oslo.
Skardhamar (2005):	*Kunsten å lese skjønnlitteratur*, Universitetsforlaget, Oslo.
Vigeland (1995):	*Norske dialektar*, Universitetsforlaget, Oslo.

I tillegg høyrer emnet lese- og skrivevanskar til 2. års pensum for studentane i A 04-kullet:
Frost, Jørgen, 1999: Kapittel 1 ("Lesepedagogisk diskusjon"), kapittel 2 ("Lesepedagogiske grunnproblemer"), kapittel 3 ("Forebygging") frå boka Lesepraksis - på teoretisk grunnlag, Cappelen akademiske."

Oppslagsverk

Andersen (2001): *Norsk litteraturhistorie*
Bertheussen (2003): *Pedagogisk bruk av IKT*
Birkeland, Risa og Vold (1997): *Norsk barnelitteraturhistorie*
Birkeland og Storaas (1993): *Den norske biletboka*
Fidjestøl m.fl. (1996): *Norsk litteratur i 100 år*
Faarlund, Lie og Vannebo (1995): *Norsk referansegrammatikk*
Ganer og Skardhamar (2001): *Litteratur, bilde og musikk. Bidrag til tverrfaglig didaktikk.*
Grepstad (1997): *Det litterære skattkammer. Sakprosaen i teori og retorikk*
Hertzberg og Roe (red.) (1999): *Muntlig norsk*
Johnsen og Berg Eriksen (red.) (1998): *Norsk litteraturhistorie.* Sakprosa. Bind 1 og 2
Larsen (red.) (2000): *Medievitenskap* kapittel 1-4
Moslet (red.) (1999): *Norskdidaktikk*
Nergård (1999): *Poetikk og retorikk – en innføring i diktanalyse*
Svendsen (2001): *Å bygge verden av ord, lyst og læring i barne- og ungdomslitteratur*
Nynorskordboka/bokmålsordboka

Seksjonen tar atterhald om endring/revidering i pensumlitteraturen. Dette vil bli gjort i samråd med studentane, og under føresetnad av at studieleiar godkjenner desse endringane.